

Avsender
Gøran Johansen

Dato
01.03.2019

E-post:
g.johansen@gmail.com

Varsel om oppstart for Detaljregulering for varehuset Brødrene Wangen og del av Aurlandsvangen

Planområdet

Området ligg i Aurland Sentrum, på vangen, nede ved fjorden. Plangrensa er utvida frå førre planprosess for å få med seg kryss frå Fv 243 som må oppgraderast. Planområdet har og inkludert eksisterande grøntareal (Fri 1) som ein del av den heilskaplege utviklinga. I samråd med kommune blir heile torget og tatt med. Grunna planområdet sitt omfang vil det vere ein meir omfattande medverknadsprosess, både med grunneigarar på vangen, men og med instansar knytt til kyrkja og det kulturminnefaglege aspektet, inkludert andre offentlege og private som fell innfor/er knytt til planområdet. Planarbeidet vil ta med seg innspela frå førre prosess som grunnlag for vidare arbeid.

Føremålet med reguleringsplanen

Føremålet med planarbeidet er å:

- *Byggje oppatt «Tvillingbuene» og «Kolbui» på kaia – tilpassa dagens ynskje om bruk og uttrykk. Bustad/fritids- og turistføremål og næring.*
- *Syte for ei heilskapleg utvikling av eksisterande varehus, knytt til knytt til turistføremål – næring, bevertning og overnatting – Hotellkonsept.*
- *Leggje til rette for ei realiserbar parkeringsløyving.*
- *Utbetre kaiområdet – skape ein heilskap med eksisterande kaifront og eksisterande torg.*

Planen vil erstatta:

Heile:

1421-2012002 - Aurlandsvangen gnr.9 bnr.4, 6 og 24 endring, 14.02.2008

Del av:

1421-2003001 - Aurlandsvangen, 15.03.2003.

Planen vil delvis grensa til:

1421-2016001- Vangsgaarden, 20.10.2016

Eksisterande føremål innanfor planområde:

- *F1 «Område for foretning»*
- *H / sp.v «Område for herberg/foretning»*
- *BL1/ sp.v «Bustad/foretning/herberg, med spesialområde vern av bygningar og anlegg»*
- *Gatetun «Torg og parkeringsplassar»*
- *Kai*
- *B, B4, Bl.2— «Område for bustad med tilhøyrande anlegg».*
- *Køyreveg*
- *Fri 1 «Friområde».*
- *F1/F2 – Forretning.*

Krav om konsekvensutgreiing

Det årlege nominelle sannsynet for utløyising av skredet er gitt i intervallet 1/100-1/1000, men ligg nærare 1/1000 enn 1/100 (NVE, 2016). Gjennom rapporten til NGI, «Faresoner for flodbølge fra Joasetbergi», datert 06.09.2017, kjem det fram at området for Aurlandsvangen, oppskyllingssona, inngår i faresone F2, noko som inneber at hendinga kan sjåast på som ei flaumhending og då er det TEK 17 § 7-2 «sikkerheit mot flaum» som gjeld.

Om ein forutsett at utbygging innanfor planområdet skjer over kote 2,5 (NGI-rapport, 20160855-01-R), eventuelt at konstruksjonar under kote 2,5 sikrast mot overfløyiming, eller ved å dimensjonere og konstruere bygg slik at dei toler belastningane og ein unngår skadar, held ein seg innanfor dei rammene som er gjeve og slepp ein konsekvensutgreiing for planområdet.

Det forutset at dette takast med i reguleringsføresegnene.

Det konkluderast med at det ikkje er krav til konsekvensutgreiing med desse føresetnadane.

Merknadar til melding om oppstart

E-post med einslydande brev har blitt sendt til alle aktuelle høyringsinstansar.

Vi ber om at innspel til planarbeidet vert sendt innan **11.04.2019 til:**

Gøran Johansen, Pb 19, 5741 Aurland eller g.johansen@gmail.com

Venleg helsing

Gøran Johansen
Arkitekt

Vedlegg:

-planavgrensing Kart

Mottakarar:

- Fylkesmannen i Vestland
- Sogn og fjordane fylkeskommune
- NVE Region Vest
- Aurland Energiverk
- Statens vegvesen region vest
- Kystverket vest
- Biskopen i Bjørgvin
- Riksantikvaren
- Aurland hamnevesen
- Aurlandsvangen sokneallmenning

Alle mottakarane vil få varsel digitalt.

Kopi:

Aurland kommune, Vangen 1, 5745 Aurland
Varehuset Brødrene Wangen AS v/Siver Wangen, Aurlandsvangen Aurland